Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 | Fylke: Opland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Lom.

Emne: Ymse attaatfor. | Bygdelag: Båverdal.

Oppskr. av: Eiliv Brenna. | Gard: Brenna.

(adresse): Båverdalen. | G.nr. 113 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
82 aar gl. Bonde.

SVAR

II. Rötter ukjent som for her, berre
2. Kvitgurötter, reint og rum er uppgrave um vaaren til for, det 60 aar sidan det hende. Vart brukt til Kú.
III. Annet for av planter.
Ersterris brukes som halm.
Taalorm i vaart maal. Lushatt, var ibruk i min ungdom. Dei skar han uppe og turka han um sumaren. I seterliene stakka dei han, tok han heim um vinteren. I heimeliene bar dei han heim og hatte han i hus. Um vinteren sette dei laag av han, og denne laagen slog dei paa agner. Saa gav dei kyrne taalormen etter at han var utvatna. Saa raart det er, sa held dei denne planta for aa vera giftig sume stader. Men her maatte dei laga hjellar i seterliene og henge han upp, elles sa aat seterkui han upp um hausten. Gamalt bruk som er slutt med.
IV. Hestemökk.
I. Hestemökk har vore brukt mykje

1947

her i bygden. Har vore alminnelig.
Naa er det kansje slut med dette,
eller kanhende det enda henger att eit
eller anna stelle, iser til Svin.

2. Hostemåkk gav ein til seman med
agner og mjøl til Kyrne.

3. Tildels slog dei varmt vatn, paa
alldri kokte dei sovore, det vilde
osa forhardt til det. Svini fekk heste-
måkk saman med patetskrell, potet-
fles, lettkorn og mjøl paa, rørt i varmt
vatn. Mange brukte heller alderlauv
til Svini, med mjøl og avfall. Slog paa
varmt vatn. Tykje alle hadde best.
Det var noe serleg måkk etter hestan
som bruktes. Måkk etter merran var
full av laud, og utysen til for.

V. Sörpefor.
Sörpe er det nokk slutt med naa.
Det er slutt med aa brygge øl, og da er
det ingen mask heller. Før i tiden var
ållersyzzing mykje i bruk i bygden.

1947
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING